



Harald Kaspar Mellingen
Radøyvegen 2735
5937 BØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18873 - 20/80365

Saksbehandlar:
Ole Martin Bolset
ole.martin.bolset@alver.kommune.no

Dato:
17.12.2020

Svar på førespurnad om planarbeid

Om førespurnad til oppstart av planarbeid

Vi viser til innsendte førespurnad om regulering av området ved gbnr. 424/13 og 424/15 i Alver kommune.

Det har tidlegare vore gjennomført ei oppstartsmøte i Radøy kommune 31.10.2019, for eit planarbeid i same område, men med det som ser ut til å vere eit større planomriss enn det som er ønskjeleg no.

Alver kommune har òg hatt møte med representantar for dette planarbeidet i 2020, der vegen vidare vart diskutert. Det vart her nemnt at Alver kommune kunne sjå på om det vil vere hensiktsmessig å dra inn planomrisset, om det var av interesse for tiltakshavar.

Manglande planinitiativ

Det er ikkje registrert at det er sendt inn eit planinitiativ ved denne førespurnaden eller før oppstartsmøtet 31.10.2019. Jf. forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven § 1, skal privat forslagstillar sende eit planinitiativ til kommunen seinast samtidig med førespurnad om oppstartsmøte.

Planinitiativet skal vere utarbeida av fagkyndige, og vil vere eit verktøy for kommunen til å kunne ta ei vurdering på om den utviklinga forslagstillar ønskjer for området kan takast vidare inn i ein reguleringsplanprosess. Etter utfyllt planinitiativ er sendt inn til kommunen startar prosessen der kommunen vil vurdere planomriss, og fleire andre tema som vil vere relevante for dette området.

Konklusjon

Før vi kan ta stilling til om dette er eit planarbeid Alver kommune ønskjer å gå vidare med, spesielt med tanke på planomriss, må vi få tilsendt eit planinitiativ. Forslagsstillar må ta kontakt med eit konsulentfirma som er fagkyndige i å utarbeide reguleringsplanar. Deretter kan plankonsulent ta kontakt med Alver kommune for å få oversendt ein mal for planinitiativ.

De kan få innsyn i saksdokumenter

De har rett til innsyn i saksdokumenter og kan følge saka på nettsidene våre under [saksinnsyn](#).

Har de spørsmål?

Har de fleire spørsmål i høve til dette er de velkomne til å ta kontakt med planavdelinga.

Ole.martin.bolset@alver.kommune.no

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Ole Martin Bolset
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Harald Kaspar Mellingen

Radøyvegen 2735

5937

BØVÅGEN